



NOREGS UNGDOMSLAG VESTLANDSKONTOR

J.nr.....
Telefon: 17 507

BERGEN..... 19.....
Strandgt. 77

Herr formann.

Med dette skal me mælda frå, at fylkeslaget hev gjort vedtak om at ein ikkje brukar noko ungdomslag sitt hus til teater eller filmframstillingar utan serskilt løyve frå fylkeslaget.

Vidare skal husi ikkje brukast til andre tilskipingar utan at laget arbeider som lag, eller medlemer av ungdomslaget står fyre tilskipingi.

Lagstyret må senda inn hertil melding og årspengane for styret kr. 0.50 for kvar styreslem for 1943 innan 1ste oktober d. å.

Serskilt må førast oppgåve over kva firma som hev havt filmframstillingar, og namnet på turnear som hev leigd huset.

Fråsegn om kva laget meiner om ovan-nemde og merknader til vedtaki kan sendast hertil innan same tid.

Bergen 25. august 1943.

Vyrdsamt

Hordaland Ungdomslag

Etter fullmakt.

S. Skar
skr.